

Framtida

Dagboka 6. mars 1950

Eg vil stendig klaga og syta
kvar ein dag før på heimtur det ber.
Trass eg veit at det inkje kan nytta
utolmodig mot framtida eg ser.

Det er hardt, gut, å gå slik og driva
kvar ein dag utan méð eller mål.
D'er 'kje arbeid å sitja og skriva
det vøre betre å hamra med stål.

Og her sig eg ihop som ei såte,
armen veiknar med' magen han veks.
Det er eit syn så eg nesten kan gråte
når eg netto er åtti – og – seks.

Som eg ligg her på senga og dormar –
og treng slett ikkje gjere ein kvekk,
tenk – eg lengtar mot Vestlandets stormar
og ei utflukt med sedspann og sekk.

Eitt eg veit som eg trur eg kan lova:
Eg kjem aldri meir til sjøss med min fot!
Om eg berre fekk eta og sova
innan kort tid eg vart visst idiot.

Tekst: Johan Bernt Ulla